



Voss herad

DEMENSPLAN 2023 - 2030

SAMAN OM EIT DEMENSVENLEG VOSSASAMFUNN





Innhald

SAMANDRAG	1
INNLEIING	2
BAKGRUNN	3
FORMÅL	4
STATUS VOSS HERAD	5
SATSINGSOMRÅDER 2023 - 2030	7
1: MEDBESTEMMING OG DELTAKING	8
2: FØREBYGGING OG FOLKEHELSE	9
3: GODE OG SAMANHENGANDE TENESTER.....	10
4: PLANLEGGING, KOMPETANSE OG KUNNSKAPS- UTVIKLING.....	11
NASJONALE FØRINGAR	12
OPPFYLGING	13

VEDLEGG

HANDLINGSDEL (2023-2026)

KUNNSKAPSGRUNNLAG



SAMANDRAG

Med Demensplan 2023 – 2030 skal me arbeida målretta og systematisk for at Voss herad vert ein demensvenleg kommune der personar med demens vert sett, høyrte og aksepterte. Slik skal me også tryggja at alle eldre i bygda vår får ein verdig alderdom.

Demens vert lyfta fram som ei stor utfordring heile verda står ovanfor, det rammar både yngre og eldre, og det rammar mange. Utfordringa med at me vert stadig fleire eldre, og då at stadig fleire får demens, råkar vossabygda hardare enn mange andre stadar. Det er difor viktig at me finn berekraftige løysingar og at tenestene våre er framtidsretta.

Me har utvikla eit bilete av kvar me ynskjer vera i 2030, kartlagt kva som er styrker og svakheiter med slik me har det i dag, og analysert kva me i fellesskap lyt gjera for å skapa ynskjeleg utvikling.

Demensplan 2023 – 2030 er basert på FN sine berekraftsmål, relevante nasjonale og lokale føringar samt innspel frå medverknadsprosessar i samband med utforming av planen.

Arbeidet dei kommande åra er strukturert kring fire utvalde satsingsområde:

1. Medbestemming og deltaking
2. Førebygging og folkehelse
3. Gode og samanhengande tenester
4. Planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling

Realisering av mål og tiltak knytt til desse satsingsområda skal bidra til at Voss vert ein demensvenleg kommune. Voss skal vera eit lokalsamfunn som bidreg til inkludering, likeverd og forståing. Personar med demens i Voss herad skal verta møtt med forståing, respekt og eit tenestetilbod som er føreseielege og bidreg til tryggleik.

Skal me lukkast i arbeidet lyt me samarbeida meir. Me lyt samarbeida med dei som vert råka av sjukdommen, med pårørande, med lokalt lagsliv og lokalt næringsliv, med relevante nettverk og internt i kommuneorganisasjonen.

Samla skisserer Demensplan 2023 – 2030 4 delmål og 23 tiltakspakker som skal bidra til at Voss vert eit demensvenleg samfunn.

Demensplan 2023 – 2030 bør reviderast i 2026, i tråd med føringar lagt i ny nasjonal demensplan. Behovet vert avklara i planstrategien.

Det er utarbeida to vedlegg til Demensplan 2023 – 2030:

1. Handlingsdel (2023 – 2026) gjev oversikt over dei 23 tiltakspakkene konkretisert med 67 tiltak som skal realiserast i fyrste planbolk.
2. Kunnskapsgrunnlag – med fakta, statistikk og stoda for demensarbeidet i Voss herad i dag.





INNLEIING

Demografiske endringar, urbanisering, digitalisering, globalisering og klima- og naturkrise påverkar utviklinga i Vestland – og utviklinga hjå oss. Samstundes som klima- og naturkrise vert lyfta fram som ei global utfordring gjer også utviklinga av demenssjukdommen det. Demens vert lyfta fram som ei stor utfordring heile verda står ovanfor, det rammar både yngre og eldre, og det rammar mange. I Noreg er det minst 100.000 som har ein demenssjukdom i dag, og det er venta at talet vil auka kraftig i åra som kjem. Utfordringa med at me vert fleire eldre, og at fleire personar får demens, råkar vossabygda hardare enn mange andre stadar. Det er difor viktig at me finn berekraftige løysingar og bidreg til at tenestene våre er framtidsretta.

Å få ein demensdiagnose vert ofte opplevd som ei krise. Mange fortel om sorg, fortviling, frykt for framtida og uvisse når det gjeld jobb og familie. Demens er ein sjukdom som ikkje berre rammar den enkelte, men heile familien. Det er ein sjukdom som kan snu opp ned på livet slik ein kjenner det, og det er ein sjukdom det ikkje finst noko kur for. Mange menneske kan likevel leva eit godt liv med demens.

Ein grunnleggjande føresetnad for å kunna leva eit godt liv med demens er at mennesket med demens vert møtt med forståing og vert sett på som eit heilt menneske med eigne ynskje og verdiar, sjølv om det ikkje alltid er mogeleg å uttrykkja dette. For sjølv om hukommelsen sviktar og minna forsvinn, så betyr det ikkje, at mennesket bak sjukdommen er forsvunne.

Med Demensplan 2023 – 2030 skal me saman ta grep for å møte dei mange utfordringane i arbeidet med å leggja til rette for at alle i Voss herad får ein verdig alderdom og at vossasamfunnet er eit demensvenleg samfunn.



BAKGRUNN

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel (2020-2032)

Sosial berekraft skal sikrast ved at innbyggjarane opplever tilhøyrse til nærmiljøa og lokalsamfunnet. Sosiale nettverk, brubygging og ein kultur prega av openheit, tillit og tryggleik kan bidra til dette. Små forskjellar byggjer fellesskap og kan bidra til høg tillit i samfunnet. Tillit gjer det enklare å samhandla på dei fleste område. Det handlar òg om å skapa gode, helsefremjande omgjevnader for menneske å opphalda seg i. Helse er å meistra kvardagens krav. Alle kommunale tenester må leggja til rette for at alle innbyggjarane kan meistra liva sine, og få nytta ressursane sine til det beste for seg sjølv og samfunnet. Når samfunnet legg til rette for dette, vil folk oppleva god helse og livskvalitet. Folk må i framtida ta styringa over eiga helse i større grad enn tidlegare. Kjensla av meistring er grunnleggjande for å oppleva god helse. Folk må få bruka eigne ressursar. Den kommunale ressursbruken må rettast inn mot tidleg innsats og førebygging, framfor reparasjon.

Heradet vil få utfordringar knytt til stadig fleire eldre. Eigne strategiar, mål og tiltak skal utarbeidast sånn at heradet vert eit aldersvenleg samfunn.


Voss herad vil styrka helse og levekår gjennom førebygging og folkehelsearbeid. Me skal leggja til rette for at innbyggjarane kan vera mest mogleg sjølvhjelpne i alle livsfasar.

Voss i vekst 2022-2032

Kompetanseheving, spesielt for menneskje med demens, med personsentrert omsorg og VIPs fagmøte. Tverrfagleg kompetansesamarbeid er spesielt ynskt innan demens.



Demensplan er ein viktig del av arbeidet med å redusera utanforskap, jmf. [Planstrategi 2020-2032](#). Heradet skal ha ei heilskapleg tilnærming i arbeidet med å verta eit demensvenleg samfunn.



Avgrensing til andre kommunale planar.

FN berekraftsmål

Mål 3 handlar om «god helse og livskvalitet»

Mål 10 handlar om «mindre ulikskap» og delmål 10.3 handlar om å sikra like moglegheiter og redusera skilnader i levekår.

Mål 11 handlar om «berekraftige byar og lokalsamfunn» og delmål 11.1 handlar om å sikra tilgangen til tilfredsstillande og trygge bustadar.

Mål 17 handlar om «samarbeid for å nå måla»





FORMÅL

Hovudformålet med Demensplan 2023 – 2030 er at me legg dei rette rammene for at Voss er eit demensvenleg samfunn og slik tryggjer ein verdig alderdom for alle i bygda vår.

Eit demensvenleg samfunn er eit betre samfunn for alle, eit samfunn som bidreg til inkludering, likeverd og forståing. Dette krev at me saman byggjer ned både fysiske og sosiale barrierar i samfunnet. Personar med demens i Voss herad skal verta møtt med forståing, respekt og eit tenestetilbod som er føreseielege og bidreg til tryggleik.

Viktige **delmål** i arbeidet vil vera:

- ❖ Personar med demens og deira pårørande skal sikrast medbestemming og deltaking i eit demensvenleg samfunn, slik at dei kan leva aktive og meiningsfylte liv med fysisk, sosial og kulturell aktivitet som er tilpassa kvar enkelt si interesse, ynskje og behov.
- ❖ For å førebyggja og betra folkehelsa, skal Voss herad saman med frivillige og næringslivet etablera møteplassar der deltakarane kan engasjera seg i natur- og kulturopplevingar, fysiske aktivitetar og måltidsopplevingar i eit godt og inkluderande fellesskap.
- ❖ Personar med demens og deira pårørande skal sikrast gode tilpassa tenester til rett tid. Innbyggjarane i Voss herad skal oppleva heilskapelege og samanhengande tenester for heimebuande innbyggjarar med demens og deira pårørande, heilt i frå startfasen og fram til differensiert behandlingstilbod i institusjon ved alvorleg grad av demens.
- ❖ Me skal ha kontinuerleg kunnskapsheving om førebygging og behandling av demens. Kunnskap om demens vil vera viktig for alle innbyggjarane våre, og bidra til større forståing og tryggleik i møte med personar med demens og deira pårørande.

Målgruppa er:

- Alle personar med demens i Voss herad
- Pårørande til innbyggjarar med demens
- Medarbeidarar som yt støtte, pleie og omsorg til innbyggjarar med demens
- Frivillig lagsliv og lokalt næringsliv
- Politisk og administrativ leiing i Voss herad

SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA

Eit tett, tillitsbasert og godt samarbeid med pasientar og deira pårørande, frivillig lagsliv og lokalt næringsliv, med relevante forskings – og utviklingsinstitusjonar og internt i kommuneorganisasjonen er heilt grunnleggjande for at Voss skal bli eit demensvenleg samfunn.






STATUS VOSS HERAD

Voss herad strekkjer seg over 2 100 kvadratkilometer, frå Hardangerfjorden til fjelltrakter som grensar mot Sognefjorden og verdsarvområdet Nærøyfjorden. Voss herad er i vekst, og utviklinga vil halda fram i åra som kjem¹. Baksida av medaljen er at me allereie slit med store og samansette samfunnsflokar som rekruttering og rett kompetanse, ei aldrende befolkning og eit for stort gap mellom kommunenivå og forskning- og utviklingsmiljøa.

I åra som kjem vil Noreg stå ovanfor både kjente og ukjente utfordringar. I Voss herad vert det fleire eldre og fleire som får demens. Samstundes kan me venta oss at det vert færre i yrkesaktiv alder bak kvar pensjonist, staten sine utgifter vil auka utan at inntektene aukar like mykje – og me skal gjennomføra det grønne skiftet.

Vossabygda er rik på frivillige lag og organisasjonar som allereie bidreg til at «hjula går rundt». At me har tillit til kvarandre, syner omsorg og jobbar frivillig på ulikt sett vil kunna ha stor betydning for vidare samfunnsutvikling hjå oss, også i arbeidet med å skapa eit demensvenleg samfunn.



Utvalde nøkkeltal for Voss herad ²


¹ [Temaplan Voss i Vekst](#)

² Vedlegg, Kunnskapsgrunnlag



TENESTETILBODET I VOSS HERAD I DAG

Kommunen si rolle i arbeidet med å verta eit demensvenleg samfunn er fyrst og fremst som tenesteytar gjennom at me skal tilby relevante helse - og omsorgstenester. Kommunen si rolle som forvaltar og samfunnsutviklar er også viktig. Dels for å ivareta breie samfunnsmessige interesser i tråd med gjeldande lover, forskrifter og reglement, og dels då kommunen har ei sentral rolle i å planleggja for aldersvenlege løysingar gjennom å involvera næringsliv, arbeidsliv og frivilligheit, samt dei eldre sjølv³.



Illustrasjon over kva tilbod Voss herad har til personar med demens.⁴

³ Demensplan 2025

⁴ Sjå kunnskapsgrunnlaget (vedlegg 2) for ytterlegare informasjon om tenestetilbodet vårt.



SATSINGSOMRÅDE 2023 - 2030

For på best mogeleg sett kunna arbeida strategisk og målretta i arbeidet med å bli eit demensvenleg samfunn vart det som ledd i medverknadsprosessen gjennomført ein SWOT- analyse⁵.



Utvalde satsingsområde, mål og tiltak skal bidra til at Voss herad utnyttar styrkar til å bli mogelegheiter. Samtidig er det lagt vekt på å redusera svakheiter og trugslar ved å kopla desse til styrkar og mogelegheiter.


Arbeidet med å skapa eit demensvenleg samfunn skal konsentrerast kring fire utvalde satsingsområde:

1. Medbestemming og deltaking
2. Førebygging og folkehelse
3. Gode og samanhengande tenester
4. Planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling.



⁵ SWOT er ein analyse som nyttast ved strategisk planlegging eller kartlegging av sterke og svake sider, samt identifisering av eventuelle problem og mogelegheiter som kan påverka utviklinga. SWOT er akronym for dei engelske orda «Strengths, Weaknesses, Opportunities, og Threats». SWOT analysen er satt saman av innspel frå utvida prosjektgruppe, intern referansegruppe, politisk verkstad i Utval for levekår og idédugnad i regi av Voss demensforening.

1: MEDBESTEMMING OG DELTAKING




Personar med demens skal kunne leva trygge og aktive liv. Dette gjeld om dei er tidleg eller seint i utviklinga av sjukdommen og uavhengig av om dei bur heime, i sjukeheim eller omsorgsbustad. Livet skal framleis kunna nytast og levast så lenge som mogeleg. Innsatsen frå det offentlege lyt difor bidra til ein så trygg og meningsfull kvardag som mogeleg, der personar med demens og deira pårørande er involvert i avgjerder som vedkjem dei. Slik vil personar med demens ha reell innflytelse over eige liv, uavhengig av språk, etnisk bakgrunn, seksuell legning og funksjonshemming.

SLIK GJER ME DET I VOSS HERAD

I Voss herad skal demensomsorga vera personsentrert. Personar med demens og deira pårørande skal sikrast medbestemming og deltaking, slik at dei kan leva aktive og meningsfylte liv med fysisk, sosial og kulturell aktivitet som er tilpassa kvar enkelt si interesse, ynskje og behov.

Kva gjer me?⁶



⁶ Tal tiltak som skal realiserast 2023 – 2026 i parantes under. Oversikt over alle tiltak, tidspunkt for realisering, økonomi og ansvar finn du i handlingsdelen (vedlegg 1)

2: FØREBYGGING OG FOLKEHELSE




Demensplan 2025 koplar arbeidet med førebygging for personar med demens tett opp til dei same prinsippa som ligg til grunn for folkehelsepolitikken. Dette vil seia at det ved å leggja til rette for god helse for alle med fleire gode leveår og livskvalitet skal me redusera uheldige miljø- og livsstilsfaktorar og redusera sosial ulikskap i helse – «*det som er bra for hjarta, er bra for hjernen*».

For å førebyggja demens vil det vera viktig å ta vare på og styrka den kognitive reserven gjennom livsløpet ved å satsa på god skulegang og utdanning for born og unge. Videre er fysisk aktivitet og sunt kosthald viktig gjennom hele livet saman med intellektuell stimulering, sosial aktivitet og fritidsaktivitetar.

SLIK GJER ME DET I VOSS HERAD

Voss herad skal arbeida systematisk for å førebyggja demens. Me skal leggja til rette for god folkehelse, auka aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap for å redusera einsemd i tråd med [Leve heile livet](#) og [Sammen om aktive liv](#). Heradet skal ha ei bevisst satsing på å nytta vossakultur og vossanatur som folkehelse. Me skal satsa på velferdsteknologi slik at personar med demens kan bu lengre heima, meistringskjensla vert styrka og livskvaliteten betra.

Kva gjer me??



⁷ Tal tiltak som skal realiserast 2023 – 2026 i parantes under. Oversikt over alle tiltak, tidspunkt for realisering, økonomi og ansvar finn du i handlingsdelen (vedlegg 1)

3: GODE OG SAMANHENGANDE TENESTER




Personar med demens skal oppleva tryggleik i møte med helse – og omsorgstenestene. Dette fordrar at tenestetilbodet tek utgangspunkt i den enkelte sitt behov og ynskje, og at involverte aktørar samhandlar til beste for den enkelte.

Demensplan 2025 lyftar fram at det er behov for betre samarbeidsrutiner og betre informasjonsflyt mellom kommune, fastlege og sjukehus.

SLIK GJER ME DET I VOSS HERAD

I Voss herad skal me sikra at personar med demens og deira pårørande får gode og tilpassa tenester til rett tid. Innbyggjarane i Voss herad skal oppleva heilskaplege og samanhengande tenester for heimebuande innbyggjarar med demens og deira pårørande, heilt i frå startfasen og fram til differensiert behandlingstilbod i institusjon ved alvorleg grad av demens.

Kva gjer me?⁸



⁸ Tal tiltak som skal realiserast 2023 – 2026 i parantes under. Oversikt over alle tiltak, tidspunkt for realisering, økonomi og ansvar finn du i handlingsdelen (vedlegg 1)

4: PLANLEGGING, KOMPETANSE OG KUNNSKAPS-UTVIKLING




Gode helse- og omsorgstenester vert skapt når pasient/ brukar møter personell med høg fagleg kompetanse, fagleg breidde og når det er eit godt samspel mellom brukar og helsepersonell slik at brukar kjenner tryggleik og verdigheit. Dette igjen krev kontinuerleg satsing på kompetanse og kompetanseutvikling. Utviklinga stiller også større krav til samarbeid, og det er trøng for innovasjon og utvikling av tenestene i tråd med stadig endra behov. Mange personar med demens har behov for fleire tenester samstundes over lang tid.

SLIK GJER ME DET I VOSS HERAD

I Voss herad har me medarbeidarar med god kompetanse og engasjement. Me skal satsa vidare på kompetanseheving og systematisk innføring av personsentrert omsorg og miljøbehandling for å bidra til meistring av kvardagslege aktivitetar. Eit meir demensvenleg samfunn vil bidra til ein verdig alderdom for alle.

Kva gjer me?⁹



⁹ Tal tiltak som skal realiserast 2023 – 2026 i parantes under. Oversikt over alle tiltak, tidspunkt for realisering, økonomi og ansvar finn du i handlingsdelen (vedlegg 1)



NASJONALE FØRINGAR¹⁰

[Demensplan 2025](#) er den tredje nasjonale demensplanen og regjeringa sin femårsplan (2021–2025) for å betra tenestetilbodet til personar med demens og deira pårørnde. Det overordna målet er å bidra til eit meir demensvennleg samfunn.

[NOU 2023:4 Helsepersonellkommissjonens utredning «Tid for handling – Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste»](#) er ei heilskapleg og kunnskapsbasert vurdering av behova for fagfolk og kompetanse i helse- og omsorgstenestene fram mot 2040.

[Leve hele livet reforma](#) er ei kvalitetsreform for eldre. Det overordna målet til reforma er å utvikla eit samfunn med gode tenester der også personar med kognitiv svikt/demens skal kunna leva verdige liv, pårørnde ikkje vert utslitne og tilsette i tenestene får brukt kompetansen sin.

16. juni 2023 la regjeringa fram stortingsmeldinga [Bu trygt-heime-reforma](#). Denne reforma byggjer vidare på heilskapleg plan- og utviklingsarbeid, mellom anna gjennom arbeidet med *Leve hele livet*.

[Meld. St. 15 \(2022 – 2023\) Folkehelsemeldinga](#)

[Meld. St. 38 \(2020–2021\) Nytte, ressurs og alvorlighet - Prioritering i helse- og omsorgstjenesten](#)

Relevante lover og forskrifter:

- ❖ [Helse- og omsorgstjenesteloven](#)
- ❖ [Lov om pasient- brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)
- ❖ [Folkehelseloven](#)
- ❖ [Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator](#)
- ❖ [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)

Relevante rettleiarar:

- ❖ [Nasjonal faglig retningslinje for førebygging og behandling av underernæring](#)
- ❖ [Veiviser demens](#)
- ❖ [Pårørndeveileder](#)
- ❖ [Nasjonal veileder: Rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator](#)
- ❖ [Nasjonal faglig retningslinje demens](#)

¹⁰ Sjå kunnskapsgrunnlaget (vedlegg 2) for meir om nasjonale føringar



OPPFYLGING

Det er utarbeida to vedlegg til Demensplan 2023 – 2030:

1. Handlingsdel 2023 – 2026
2. Kunnskapsgrunnlag

Handlingsdelen (2023 – 2026) gjev oversikt over dei tiltaka som skal prioriterast å arbeida med dei fire kommande åra. Handlingsdelen skal oppdaterast årleg og tiltak med økonomiske konsekvensar som skal realiserast i Voss herad sin regi vil verta avspegla i økonomiplan og budsjettarbeid. Det skal utarbeidst måleindikatorar som kan nyttast til å vurdere korleis me når måla i planperioden.

Demensplan 2023 - 2030 bør reviderast i 2026. Dette for å fanga opp eventuelt nye føringar lagt i ny nasjonal demensplan (venta i 2025). Behovet vert avklara i planstrategien.

Når du er borte

*Nærast er du når du er borte
Noko blir borte når du er nær.
Dette kallar eg kjærleik –
Eg veit ikkje kva det er.*

*Før var dagane fylte
Av susing frå vind og foss.
No ligg ein bortgøymt tone
Og dirrar imellom oss.*

Tor Jonsson

VEDLEGG

1. Handlingsdel (2023 – 2026)
2. Kunnskapsgrunnlag